

Folkeleg og kyrkjeleg midtsommarfest

Sankt Hans - Jonsvaka

- Ein kulturtradisjon i Åsskard -

Jonsok, òg kalla «sankthans», «jonsvaka» eller «jonsmesse», er den 24. juni. Ved jonsok er det vanleg mange stader i Nord-Europa å feire midtsommar. Mange stadar vert det brent bål på jonsokaftan den 23. juni. På prim-staven er jonsok gjerne merkt av med ei krone, ein kross, ein ljå eller eit tre.



Knud Bergslien: «St. Hansaften paa Landet»
(Frå Norske Folkelivsbilleder)

*

Namnet Jonsok kjem av det norrøne «jónsvaka», av Jon (forkorting av Johannes). St. Hans er ei forkorting av «Sankt Johannes' dag». I den katolske kyrkja er 24. juni minnedag for Johannes døyparen.

I Noreg var Jonsokdagen offentlig heilagdag etter Kristian den femtes norske lov, under namnet «St. Hans Bapstistæ Dag». I kyrkjene vart det preika over evangelieteksten Lukas 1.57-79 (om at Johannes vert fødd og med Sakarjas lovsong). Jonsokdag som høgtid vart oppheva i 1771 (ved «festdagsreduksjonen»), men nokre stader i Noreg, mellom anna i Vestfold, har 24. juni vore fridag opp til våre dagar.


På same måte som jul er midtsommarfesten opprinneleg ein førkristen tradisjon. Den blei feira med leik, dans, drikk og ulike skikkar med heidensk opphav. Rundt reformasjonen på 1500-talet vart denne delen av tradisjonen noko svekka i land som Danmark-Noreg og Storbritannia, men heldt seg betre i Sverige, Finland, Estland og Latvia. Jonsokbålet blir også kalla «brise», «brising» eller «briseld».

Den svenske erkebiskopen og vitskapsmannen
Olaus Magnus skildra feiringa slik i 1555:

«Midtsommeraften samles folk, uansett kjønn og alder, på byens torv eller ute i det fri, for der å danse i skinnen av tallrike bål. Under dansen synger man viser om fortidens helters bedrifter, også om det kvinner har gjort for å bevare sin kyskhed. Man synger også viser om mennesker uten ære og samvittighet, onde og feige. Alt dette synges i viser og på melodier som er gått i arv fra forfedrene. Unge piker synger om de mange feil ektemennene gjør seg skyldige i, slik som terning-spill, slagsmål i kroen o.a. Unge menn synger til gjengjeld om late, falske, sladresyke og troløse kvinner, og at de ikke må klage over mennene alene. Man tar også for seg late sjøfolk, uærlige bønder, troløse borgere og grusomme og begjærlige fogder. Dette skjer for å vise ungdommen hvor høyt dyden står og at de skal gå i trofasthetens fotspor, og sky det dårlige eksempelet.» (Kjelde: Wikipedia)

Jonsvaka i Åsskard

«Jonsvaka» har frå 1982 vore feira som årvisst kulturarrangement ved St. Hans-tider i Åsskard – med hovudsatsing på midnattskonsert i kyrkja og med sosialt samver med kaffe i møtesalen (Kyrkjestua) like før. Etter kvart utvida ein ramma og begynte å ta med kulturinnslag også i tilknytning til kaffe-samveret. I denne timen før sjølve konserten har ein såleis hatt kåseri om kulturelle tema og ofte kulturhistoriske dramatiseringar knytt til dette.



Bakgrunnen for satsinga er, som vi les ovanfor, at St. Hans (jonsok, «jonsvaka», lokalt «jensuku») frå mellomalderen og fram til 1770 var ei kyrkjeleg høgtid.

Etter stor gjevarinnsats, som tydeleg viste at folket er glade i kyrkja si, hadde Åsskard i mars same året (1982) fått nytt orgel. Dette fine instrumentet, inspirerte også til ny musikalsk og kulturell aktivitet ved mange høve – ikkje minst «Jonsvaka».

Eit siktemål med desse kultursamlingane har vore å ta vare på den rike og tusenårgamle kulturskatten som kyrkja eig og å bruke og formidle den med og for «vanleg folk» i eit bygdesamfunn. Både gregorianikk, moderne kyrkjetonar, kunst, drama og klassisk tradisjon hører oss alle til.

Samlingane frå år til år

*

Jonsvaka 1982 – eit forsøk

St. Hans-aftan 23. juni var det midnattskonsert med songarinna Anne Kleivset (lokale folketonar), Lilly Lillegård Bævre (fløyte), Bernt G. Bøe (orgel), sokneprest Erling Barman (andakt), Halsa Songlag og Åsskard Kyrkjekor.

Ein tok i bruk historisk «alternatim-praksis», altså veksling mellom forsamlingssong og orgelvariasjonar over vedkomande salme. Slik vart Kjell Mørk Karlsens «Partita over Med Jesus vil eg fara» og Bjarne Sløgedals «Variasjonar over Å hvor salig det skal blive» sette inn i ny samanheng.



Halsa Songlag og Anne Kleivset var med på den aller første «Jonsvaka»

- *Den siste timen på den lysaste kvelden vart ei stemningsfull oppleving, skreiv Eistein Bæverfjord i avisa «Indre Nordmør» og la til: – Det musikalske høgdepunktet vart besørgra av Anne Kleivset, som tolka folketonar frå Åsskard.*

*

Jonsvaka 1983

Dette andre året stod ein gregoriansk «Johannes-vesper» på programmet saman med Franz Schuberts «Deutsche Messe». Vesperen var omsett og tilrettelagt av Asbjørn Hernes (tidlegare prestevikar i Stangvik).

Åsskard Kyrkjekor hadde denne gongen gleda av godt samsarbeid med 15-årige Erling With Aasgård, som trakterte orgelet på beste vis. Elles deltok John Røen (fele og kveding), Merete Røen (opplesing), sokneprest Erling Barman (andakt) og organist Bernt Bøe.



Gregoriansk Johannesvesper St. Hanskvelden 1983



IN NATIVITATE S. JOANNIS BAPTISTÆ.

Duplex I Classis cum Octava communi.

IN I VESPERIS.

1 Antiphona. vii a

I -PSE præ- i-bit * ante il-lum in spi-ri-tu et vir-
 tú-te E-li- æ, pa-rá-re Dómi-no ple-bem perféctam.
 E u o u æ.



Musikforskaren og teologen Asbjørn Hernes (t.v.) hadde omsett og praktisk tilrettelagt den gregorianske «Johannes-vesperen» som vart framført på sjølve «kvelden» i 1983, så langt som muleg i tråd med historisk og liturgisk praksis slik det m.a. skriv seg frå klosteret Solesmes i Frankrike. Han var sjølv til stades og uttrykte stor glede i brev etterpå:


- Det var ei så fin framføring av St. Hans-vesperen at du lyt reise til Solesmes for å gjera det meir fullkomi!

Også denne gong var det «alternatim» vekselpaksis mellom orgel og kyrkjelyd - i Sløgedals «Å hvor salig»-variasjonar og i Oscar Hansens «Partita over Eg veit i himmerik ei borg». Martin Luthers 500-årsjubileum (1483-1983) vart markert m.a. ved deklamasjon av Luther-salmar og med orgelkoralar av J. S. Bach over desse.

Jonsvaka 1984

Åsskard Kyrkjekor, eit instrumentensemble, songarinna Turid Røen Kroknes og organistane Gunnar Vik og Erling With Aasgård framførte «Kyrkjemusikk gjennom tusen år» på Jonsvaka 1984.

I eit program som spente frå 900-talet fram til vår eiga tid, kunne ein oppleva instrumentalmusikk og gregoriansk song frå mellomalderen, kyrkjemusikk frå renessanse og barokk (m.a. utdrag frå «Messias» av Handel og orgelverk av Bach), lokale folketonar, veksel song (mellom forsamling og orgel) og vokalmusikk av Mozart, Schubert og Dvorak. Av komponisten Thomas Salvesen (f. 1915; han var sjølv til stades) – vart det framført orgelkoralar og utdrag frå «Missa Brevis».



Over: Thomas Salvesen
T.h.: Gunnar Vik




Midnattskonsert
JONSVAKA
i Åsskard kyrkje
St. Hans-kvelden
kl. 23.
**«KYRKJEMUSIKK
GJENNOM TUSEN ÅR»**
med Turid Røen,
Gunnar Vik,
Erling Aasgård
og Åsskard Kyrkjekor.
Kollekt.
NB. Kaffe før konserten.

*

Jonsvaka i Det Europeiske Musikkåret 1985

I høve «Det Europeiske Musikkåret 1985» var Jonsvaka no konsentrert om komponistane Heinrich Schütz (1585-1672, t.v.), George Frideric Handel (1685-1759) og Johann Sebastian Bach (1685-1750, t.h.).



I konserten deltok musikkårskoret «Chorus 85» (med base i Åsskard Kyrkjekor), Gunnar Vik og Erling With Aasgård (orgel), Lilly L. Bævre (fløyte), Turid R. Kroknes (song) og Nils J. Stavne (andakt).

Før første gong var kaffestunda før konserten utvida med kåseri – der målaren Kalla Skrøvseth viste lysbilete og fortalde om kunsten sin.



Framfor Kristus-biletet som ho sjølv laga til utsmykking av «Kyrkjestua» i 1961, kåserte Kalla Skrøvseth om kunsten sin. Ho er fødd i Surnadal (1913) og oppvaksen der, men som namnet syner, slektar ho frå Bøfjorden.

(Foto t.v. Bernt G. Bøe;
t.h. Anne Reiten)



Lilly Lillegård
Bævre spelar
Sonate av G.
Ph. Telemann

JONSVAKA

i Åsskard kyrkje 23. juni.

Kl. 22.00: Lysbiletkåseri v/ Kalla Skrøvseth.
Kaffe.

Kl. 23.00: Konsert. Kor og musikarar.

Arr.: Åsskard Kyrkjekor/Rikskonsertane.

Jonsvaka 1986 – Heimdal Ungdomskor

St. Hanskvelden 1986 deltok Heimdal Ungdomskor med sin dirigent, organisten John Bæverfjord. Dei presenterte programmet for ein komande USA-turne.

Andre aktørar i konserten var Turid Røen Kroknes (song), Solveig Grytbakk (fløyte), Erling With Aasgård (orgel) og Åsskard Kyrkjekor. I timen før konserten hadde Bernt Bøe eit lysbildekåseri.



Heimdal Ungdomskor – med fleire nordmøringar. Her i Stangvik kyrkje

*

Jonsvaka 1987 – Bræin-jubileum

100-årsminnet for folketone-samlaren, operasjoneren, komponisten og organisten Edvard Bræin (1887-1957) var ramma om Jonsvaka 1987. Heimbyen Kristiansund vart i avisene kritisert for ikkje å markere dette!

I Kyrkjestua var det før konserten kåseri om Edvard Bræin - ved sonen Ola Bræin og folketonesongaren Dordi Bergheim. Deler av kåseriet vart med i eit radioprogram om Bræin i NRK Møre og Romsdal kort tid etter.



I sjølve konserten deltok Åsskard Kyrkjekor, Ola Bræin (munnspele), Dordi Bergheim (song) og Tor Strand (orgel) med musikk frå Edvard Bræin sine samlingar. Dei tre siste hadde året før gjort ein vellykka USA-turne med liknande program.



Bileta: Tor, Ola og Dordi



Jonsvaka 1988 – fiolintalent debuterer

10-årige Anders Larsen debuterte som fiolinist under Jonsvaka 1988 – med «Concertino i G-dur» av Kuchler. Eit sjarmerande opptak av stykket eksisterer og syner tydeleg at guten hadde talent! Elles deltok Ole Kr. Gundersen (også fiolin), Lilly L. Bævre (fløyte), Anne Lise Wullum (song), Erling With Aasgård (orgel) og den alltid trufaste deltakande arrangør Åsskard Kyrkjekor. Bernt Bø viste lysbilete i Kyrkjestua før konserten.

Under: Unge Anders Larsen og Erling With Aasgård deltok på Jonsvaka 1988.



Jonsvaka 1989 – Leiv til minne



Tidlegare Åsskard-organist Leiv Bæverfjord (1909-1975) vart minna med kaffe-stund og huskonsert heime hos Dagmar og Eistein Bæverfjord på Solhaugen ved Åsskard kyrkje før midnattskonserten denne St. Hans-kvelden.

Til samveret kom fleire vaksne jenter som på 1960-talet var med i hans «Bøfjorden Jentekor» (opprinneleg «Bø Jentekor»).

Leiv Bæverfjord var organist i Åsskard-kyrkja frå 1932 til 1975

Melodiar av Leiv vart også framført i kyrkja etterpå. Her deltok Åsskard Kyrkjekor, Nora Bøe (song), Oddveig Helset (orgel), Bernt Bøe (orgel og cembalo), Eistein Bæverfjord (cembalo) og sokneprest Bernt Venås (bibeltekster). Av musikken nemner vi «Bondefugen» av Bach (spela av Oddveig Helset) og Schuberts «Deutsche Messe» (kyrkjekoret, med Oddveig på orgel).



Biletet: Tidlegare korjenter deltok i programmet som «såg tilbake» på det store og idealistiske kulturarbeidet Leiv Bæverfjord utførte – i kyrkja og i lokalsamfunnet elles. Vi brukar etternamna dei hadde i barnekortida: Frå venstre Eva Nygård, Liv Sigrun Bøe, Torhild Dønheim (fremst; i kordrakta og med songboka si!), Kari Snekvik (heilt bak), Eldbjørg Sættem, Solvor Bøe, Else Bøklepp, Borghild Neergård, Anna Kristine Bøe, Astrid Bøe, Kirsten Bøe (bak, delvis skjult), Brita Bøe og Eldbjørg Bøe.